

STIFTINGA OLE BULL AKADEMIET

ÅRSMELDING

2021



FØREMÅLET TIL OLE BULL AKADEMIET ER:

- ◆ *å formidle kunnskap om og å gje opplæring og utdanning i norsk folkemusikk og folkedans til studentar på høgskule- og universitetsnivå*
- ◆ *i samarbeid med Griegakademiet – Institutt for musikk, Universitetet i Bergen, å gje utdanning på universitetsnivå til folkemusikkutøvarar*
- ◆ *å vere ein møtestad mellom norsk folkemusikk og andre musikkgenrar*
- ◆ *å formidle kunnskap om norsk folkemusikk til interesserte frå andre land. Gjennom gransking, publisering og studentutveksling vil Ole Bull Akademiet gjere sitt til å auke kunnskapen om norsk folkemusikk og folkedans*
- ◆ *å vere ein aktiv aktør i nordiske og andre internasjonale fagfora som fremjar utdanning i og kunnskap om norsk folkemusikk.*



OPPSUMMERING AV DRIFTSÅRET 2021

Koronapandemien prega også Ole Bull Akademiet sterkt i 2021. Inngangen til året starta med eit land som meir eller mindre vart stengd ned endå ein gong. All undervisning våren 2021 måtte difor flyttast over til digitale løysingar, og akademiet kjøpte inn digitale løysingar som gjorde det mogeleg å ha digitale førelesingar og seminar. Akademiet har difor greidd å gjennomføre dei fleste av vekekursa og all undervisninga på bachelor og masternivå som kunne gjerast via Zoom.

Digitale løysningar gjev nye moglegheiter, men har også store manglar, og særleg innafor samspel og dans har pandemiåret ført med seg store utfordringar. Særleg samværsdansen har lidd under pandemien, og bortsett frå to månader på hausten der en bortimot kunne leve og virke normalt, har all danseundervisning blitt avlyst eller sterkt forenkla. Dette har sjølvsagt fått konsekvensar for dansesatsinga til Hardingfela.no, men har samstundes gjeve rom for nytenking og eksperimentering. Musikk- og dansevideoen Dansegledede er eit produkt av at samværsdansen måtte erstattast med noko anna som kan gje samhald. Resultatet er at heile Noreg har dansa dansegledede-dansen! Hardingfela.no hadde også sitt fyrste ordinære driftsår etter Kulturdepartementet løyvde driftstilskot til tiltaket.

Vekekursa våren 2021 vart stort sett gjennomført på ein eller annan måte, men nokre kurs måtte dessverre avlysast eller flyttast til 2022. Dette har gjeve ein etter måten betydeleg nedgang i talet på studentar på kursa, målt opp mot eit normalt år. Samstundes har ein likevel greidd å lage gode kurs, anten fysisk på campus til dei ulike universiteta og høgskulane, eller som digitale kurs. Tilbakemeldingane frå studiestadane og studentane har vore god, trass den uvanlege situasjonen. Hausten 2021 kunne ein i løpet av september også ta imot studentar på Ole Bull Akademiet igjen, slik at dei fleste kursa på hausten gjekk nokolunde normalt.

Bachelorstudiet i folkemusikk hadde ein gledeleg auke i talet på søkjarar i 2021, samanlikna med 2020. I 2021 kom det for første gong inn ein student på munnharpe – og sidan det vart teke inn ein student på langeleik året før, er no to av dei eldste folkemusikkinstrumenta i Noreg representerte på studiet. 2021 var òg første gong vi heile året har hatt studentar inne på dei 3 retningane vi nå tilbyr: bachelor i tradisjonsmusikk, ordinær master og nordisk master. Som i 2020

kom det elles utfordringar for både lærarar og studentar når undervisning i periodar måtte gjennomførast digitalt – noko som er svært vanskeleg i utøvande undervisning, særleg i samspel - og studieperioden som Nordic Master skulle hatt på OBA i februar-mars måtte gjerast heildigital.

Osafestivalen vart ein av dei få festivalane som kunne gjennomførast tilnærma normalt i 2021, og vart ein stor suksess både kunstnarleg, og i tal på publikum. Festivalen har no teke steget opp til å vere ein viktig festival både lokalt, regionalt og nasjonalt. Ved å gje publikum ei oppleving dei ikkje viste dei trengte, er festivalen med på å bygge bruer mellom ulike sjangrar, men med eit særleg fokus på folkemusikk og klassisk musikk. Ikkje minst skal festivalen gje publikum sterke og nære møte med framifrå artistar, og dette klarte Osafestivalen med glans.

Felemakarverkstaden ved Ole Bull Akademiet vekkjer framleis stor merksemd både nasjonalt og internasjonalt. Wiebke Lüders og Lukas Pawelka som er felemakarar har mellom anna innleia eit samarbeid med Ringve museum, og felemakarverkstaden har, saman med felemakarverkstaden ved Valdresmusea AS, ansvar for tilsyn og vedlikehald av hardingfele- og langeleiksamlinga til Dextra Musica.

For eigeomsselskapet Kringsjø AS vart arbeidet med å bli sertifisert som Miljøfyrtårn-bedrift det store arbeidet 2021, og 30.11. vart alle tre selskapa, Stiftelsen Ole Bull Akademiet, Kringsjø AS og Osafestivalen AS sertifisert som Miljøfyrtårn-bedrift. Arbeidet var omfattande, men vellukka, og gjer at alle tre selskapa har eit styrka miljøfokus både i systema, og ikkje minst, i kvardagen til kvar enkelt som arbeider i Ole Bull Akademiet, Kringsjø AS og Osafestivalen AS.

Ole Bull Akademiet har ei viktig rolle nasjonalt som formidlar av folkemusikk og folkedans. I ei verd som er fragmentarisk og trendbasert, er kanskje arbeidet som akademiet gjer viktigare enn nokon gong. Samstundes har akademiet eit ønskje om å synleggjere folkemusikken og folkedansen også lokalt og regionalt. Folkedans i Hordaland og Hardingfela.no er viktige element i denne strategien.

ØKONOMI

Ole Bull Akademiet fekk i meldingsåret statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar til drifta.

Tilskot frå stat, fylke og kommunar:	2021	2020
Kulturdepartementet	6.290.000	6.150.000
Kulturdepartementet, ekstraløyving	600.000	
Kunnskapsdepartementet - UiB	2.673.000	2.603.000
Studiepoengmidlar 2010 – UiB	166.000	177.000
Hordaland fylkeskommune	450.000	300.000
Hordaland fylkeskommune, KUP-midlar	0	78.000
Voss kommune	125.000	145.000
I alt	10.304.000	9.453.000

Rekneskapen for 2021 syner eit overskot på 435 337,-. Overskotet skuldast i all hovudsak koronapandemien, der kurs er blitt avlyst, gjort digitale eller flytta til campus til dei respektive studiestadane. Dette har medført mindre lønnsutgifter til innleigde lærekrefter. Situasjonen rundt pandemien har vore med å forsterke resultatet ytterlegare.

Aksjar

Stiftelsen Ole Bull Akademiet eig alle aksjane i eigeoms- og driftsselskapet Kringsjø AS, og alle aksjane i Osafestivalen AS.

Fond

Styret forvaltar desse fonda:	31.12.2021	31.12.2020
Sigbjørn Bernhoft Osa sitt fond	kr 124.145	kr 124.014
Gudrun og Sigurd Haaheims fond	kr 38.334	kr 38.334
Liv og Knut Klemmetsens fond	kr 12.434	kr 12.420

All kapital er i Voss Sparebank. Det er ikkje brukt midlar frå Sigbjørn Bernhoft Osa sitt fond i 2021. Det er heller ikkje delt ut midlar korkje frå Gudrun og Sigurd Haaheims fond eller frå Liv og Knut Klemmetsens fond i 2021.

Styret

Terje Støve, leiar (FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans)

Iril Schau Johansen, nestleiar (Voss kommune)

Sigbjørn Hauge, styremedlem (Voss kommune)

Frode Thorsen, styremedlem (Universitetet i Bergen)

Magne Espeland, styremedlem (Høgskular/universitet)

Håkon Asheim, styremedlem (Representant for dei tilsette)

Jo Asgeir Lie har vore sakshandsamar og sekretær for styret.

Det har i meldingsåret vore årsmøte og fire styremøte med 23 saker til handsaming. Arbeidsutvalet, representert ved Terje Støve, Håkon Asheim og Jo Asgeir Lie, har hatt 4 møte og

handsama 23 saker. Utvalet har i tillegg hatt jamleg kontakt gjennom året og drøfta ulike sider ved den daglege drifta.

PERSONALE

Ole Bull Akademiet hadde i meldingsåret 14 personar med fast arbeidstilhøve til institusjonen, og som til saman utfører 8,5 årsverk. Halve stillinga til driftsleiar blir selt til Kringsjø AS.

Jo Asgeir Lie, rektor	100 %
Håkon Asheim, studieleiar	100 %
Arne Anderdal, høgskulelektor	100 %
Berit Opheim, førsteamanuensis	15 %
Ida Dyrkorn Heierland, festivalleiar, Osafestivalen	100 %
Vegar Vårdal, førsteamanuensis	15 %
Elisabeth Vannebo, høgskulelektor	17 %
Tom Willy Rustad, førsteamanuensis	10 %
Sissel Lie, førstesekretær	100 %
Per Pettersson, driftsleiar/hussjef (25% Kringsjø AS)	25 %
Rannveig Djonne, prosjektleiar	
Hardingfela.no	100 %
Wiebke Lüders, instrumentkonservator/	
hardingfelemakar	70 %
Lukas Pawelka	50 %
Magni Rosvold, prosjektleiar Folkedans i Hordaland	
(er i tillegg tilsett i 50 % stilling i Bygda dansar)	50 %

Jo Asgeir Lie har ansvar for den daglege leiinga og drifta av institusjonen, saksførebuing og sekretærfunksjonen for styret, søknader om offentlege løyvingar og midlar til ulike prosjekt. Rektor har ansvar for det faglege og pedagogiske arbeidet og skal, i samarbeid med dei fagleg tilsette, lage fagplanar for studia og planar for kursverksemda. Rektor har i meldingsåret også gitt undervisning både på kursa og studia.

Håkon Asheim er praktisk, pedagogisk og kunstnarleg leiar av Tradisjonsmusikk I og II (bachelorgrad), og har ansvar for planlegging, organisering og gjennomføring av studiet. Dette gjeld også mastergradsstudiet (Nordic Master), i samarbeid med våre nordiske samarbeidspartar. Han skal i nært samarbeid med rektor og fagråd syte for fagleg og økonomisk styring av samlingane og studiet elles. Asheim har også undervisningsplikt, og han er ansvarleg for fagseminaret i samband med Osafestivalen.

Vegar Vårdal er tilsett som førsteamanuensis i 15% stilling. I denne stillinga ligg undervisningsplikt på studiet i tradisjonsmusikk.

Berit Opheim er tilsett som førsteamanuensis i 15% stilling. I denne stillinga ligg undervisning for studiet i tradisjonsmusikk.

Tom Willy Rustad er tilsett som førsteamanuensis i 10% stilling. I denne stillinga ligg undervisning for studiet i tradisjonsmusikk.

Arne Anderdal er tilsett som høgskulelektor/arkivar i 100% stilling. Til stillinga høyrer kursadministrasjon, med hovudarbeidsområde å planleggja, organisera og gjennomføra kursverksemda ved Ole Bull Akademiet. I tillegg ligg bibliotek- og lydarkivarteneste, undervisningsplikt/kursleiing og ansvar for data- og anna teknisk utstyr inn i stillinga hans.

Elisabeth Vannebo er tilsett som høgskulelektor i 17% stilling. I denne stillinga ligg teoriundervisning for studiet i tradisjonsmusikk.

Ida Dyrkorn Heierland er tilsett som festivalleiar for Osafestivalen i 100 % stilling. Til stillinga ligg ansvaret for planlegging og gjennomføring av festivalen, i tillegg til drift og planlegging av Osascena på Voss.

Rannveig Djonne er tilsett i 100% stilling som dagleg leiar for Hardingfela.no. Hardingfela.no er eit samarbeid mellom Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss Museum om ei brei satsing på hardingfela - musikken, instrumentet, dansen og miljøet. Ho er også medlem i styret for Osafestivalen.

Sissel Lie er førstesekretær i 100 % stilling. Ho har ansvar for det merkantile arbeidet ved Ole Bull Akademiet. I stil-

linga ligg vertsfunksjon og resepsjonsteneste og praktisk tilrettelegging av kursopphaldet. Til stillinga ligg også den merkantile delen av kursadministrasjonen. I tillegg har ho det daglege ansvaret for butikken til Kringsjø AS, og syter for fakturering til skular og institusjonar. Ho er også sekretær for, og medlem i styret for Osafestivalen.

Per Pettersson er tilsett som driftsleiar og hussjef, og har frå 01.10.21 25 % stilling ved Ole Bull Akademiet og 25 % i Kringsjø AS. Han er ansvarleg for vaktmeistertenester, avtale med cateringselskapet «Tre Kokker Voss» og vakt- og vaske- lister for eigedomen.

Wiebke Lüders er tilsett som instrumentkonservator og hardingfelemakar i 75 % stilling. Til stillinga er det knytt undervisningsoppgåver på hardingfelemakarstudiet, i tillegg til reparasjonar og nybygg av hardingfeler.

Lukas Pawelka er tilsett som hardingfelemakar i 50 % stilling.

Magni Rosvold er tilsett som fagkonsulent- dans i 100% stilling for Folkedans i Hordaland, som er eit delprosjekt under Hardingfela.no. Ho har i tida 01.09.19-31.12.21 vore ein av to prosjektmedarbeidarar for Bygda dansar i Hordaland.

I tillegg til dei fast tilsette har ein i stor grad nytta gjesteforelesarar i undervisninga. Dette er i tråd med tanken om at flest mogeleg av dei lokale og regionale musikk- og dansetradisjonane i landet skal presenterast på institusjonen gjennom studieåret. Denne driftsmodellen gjev arbeid til svært mange folkemusikarar, som baserer mykje av inntekta si på våre konsert- og undervisningstilbod. Ole Bull Akademiet er ein av dei største arbeidsgjevarane til norske frilansmusikarar innan folkemusikk og folkedans.

Aktivitet

Vekeskurs

Det har vore halde 19 kurs/seminar for i alt 15 institusjonar/ studentgrupper, med til saman 384 studentar og 19 lærarar frå institusjonane. Dette gjev eit studenttal i snitt på 20,2 per kurs.

Kurset i veke 1 Høgskulen på Vestlandet var delvis digitalt og fysisk på høgskulen. Kurset i veke 2 Ski vgs blei halde i Ski

på skulen. Kurset i veke 3 Høgskolen i Østfold blei halde på høgskulen.

Kursa i veke 3 og 4 for Universitetet i Agder blei halde digitalt på universitetet i Kristiansand. Kurset i veke 6 Universitetet i Oslo blei halde digitalt på universitetet. Kurset i veke 9 NLA Staffeldtsgate blei halde digitalt. Kurset i veke 10 Griegakademiet blei halde på Griegakademiet. Kursa i veke 15 og 16 OsloMet blei halde på skulen. Avlyste/utsatte kurs pga korona: Kurset i veke 8 Barratt Due flytta til 2022, veke 11 Follo Folkehøgskole, veke 14 Sund Folkehøgskole og veke 23 Gjøvik videregående skole avlyste. Kurset i veke 38 Universitetet i Tromsø blei halde i Målselv og kurset i veke 39 Ansgarskolen blei halde i Bykle som vanlig. Resten av kursa blei halde fysisk på Ole Bull Akademiet.

Kursleiarar

Desse har vore kursleiarar (tal på kurs dei har vore kursleiar for står i parantes): Arne Anderdal (4), Eli Storbekken (5), John Ole Morken (5), Johanne Mjøs (2), Lajla Renate Buer Storli (2), Terje Foshaug (1)

Lærarar

Førelasarar/instruktørar/konsert

Arne Anderdal, Kari Finne Sognnæs, Jo Asgeir Lie, Håkon Asheim, Stein Villa, Hans Christian Dalgaard, Johanne Mjøs, Astri Sudmann, Martin Myhr, Sigrid Stubsveen, Silje Liahagen, Jens Linell, Steinar Ofsdal, Ingfrid Breie Nyhus, Ulf Arne Johannessen, Olaf Moen, Magni Rosvold, Åsmund Solberg, Mari Skeie Ljones, Lajla Renate Buer Storli, John Ole Morken, Hilde Fjerdingsøy, Helga Myhr, Kenneth Lien, Berit Opheim, Irene Tillung, Georg Buljo, Eilif Gundersen, Eli Storbekken, Åsmund Reistad, Bendik Smedåsgjelten Qvam, Birger Mistereggan, Anja Røed, Astrid Garmo, Jørn Simenstad, Kim Rysstad, Lars Fivelstad Smaaberg, Rannveig Djonne, Alexander A. Røystrand, Terje Foshaug, Sigurd Johan Heide, Sigrid Randers-Pehrson, Mariann Torset, Johan Anders Oskal, Ola Graff, Ragnhild Furebotten, Øistein Hanssen, Anne-Beate Guldahl, Eivind T-L. Knutsen, Lars Erik Øygarden, Harald Knutsen, Sigrid Berg, Anita Bråvoll, Steinar Rygg, Tone Rørlien, Camilla Granlien, Sigrid Moldestad

Studium i tradisjonsmusikk/folkemusikk

I ei årrekke har det vore relativt låge tal på søkjarar til studiet i utøvande tradisjonsmusikk, med ein liten oppgang i

VEKE	STUDENTAR	LÆRARAR	INSTITUSJON
1	24	3	Høgskulen på Vestlandet DIGITALT + TO DAGAR FYSISK PÅ SKULEN
2	40	3	Ski videregående skole – PÅ SKI VGS
3	15		Høgskolen i Østfold – PÅ SKULEN
3	44		Universitetet i Agder – DIGITALT
4	11		Universitetet i Agder – DIGITALT
6	50		Universitetet i Oslo – DIGITALT
7	35		Voss Gymnas – LITT FYSISK
8			Barratt Due Musikkinstitut – FLYTTA TIL 2022
9	20		NLA Staffeldtsgate – DIGITALT
10	42		Griegakademiet – PÅ SKULEN
11			Follo Folkehøgskole – AVLYST
14			Sund Folkehøgskole – AVLYST
15	19		OsloMet – PÅ SKULEN
16	15		OsloMet – PÅ SKULEN
23			Gjøvik videregående skole – AVLYST
35	20	1	Høgskulen i Volda
36	24	1	Universitetet i Stavanger
37	21	2	NLA Høgskolen Bergen
38	17	2	Universitetet i Tromsø – I MÅLSELV
39	22		Ansgarskolen – I BYKLE
40	20	2	Høgskulen på Vestlandet
41	14	1	Høgskolen i Sørøst-Norge
42	22	4	OsloMet
Sum	441	19	

2020. I 2021, derimot, var det ein gledeleg oppgang i søkjar-talet, og eit søkjargruppe med høgt nivå. Det var eit tap for studiet at Tom Karlsrud sa opp undervisningsstillinga si midt i året, men til gjengjeld kom Vegar Vårdal og Tom Willy Rustad inn i deltidsstillingar. Dei har vore viktige lærarkref-ter på studia våre i mange år, og det er svært positivt at dei no er tettare knytte til Akademiet. Som i 2020 kom det elles utfordringar for både lærarar og studentar når undervisning i periodar måtte gjennomførast digitalt – noko som er svært vanskelig i utøvande undervisning, særleg i samspel – og studieperioden som Nordic Master skulle hatt på OBA i februar-mars måtte gjerast heildigital.



Osasalen er stadig i bruk som konsertarena. Her Aslak Brimi kvartett med Mari Midli på Osascena. Foto: Arne Anderdal

Bachelorstudiet i tradisjonsmusikk

Tradisjonsmusikk er ei av fire studieretningar innafør Bachelorprogram i utøvande musikk/komposisjon ved Griegakademiet – Institutt for musikk, Universitetet i Bergen. Studiet hadde 9 planlagde vekessamlingar gjennom året. To av desse måtte gjennomførast heilt eller delvis på digitale plattformar. Etter det første pandemiåret 2020 der dei fleste eksamenskonsertar vart avlyste, var det fint å kunne arrangere ein liten «eksamensfestival» att på OBA i juni -21, med éin andreårseksamen (Arnesen) og tre avsluttande bacheloreksamenar (Røed, Skjæret og Dos Santos).

Studentar vidare frå 2021:

- Ingrid Lingaas Fossum (langeleik), Vegard Hansen (toradar/trekkspele), Sigyn Sjølie Sandegren (vokal), Johanna Bruun Arnesen (saksofon), Mikael Hedne (vokal), Anja Savic Røed (vokal), Mathilde Skjæret (hardingfele), Jennifer Dos Santos (hardingfele)

Nye studentar hausten 2021:

- Thor Sture Hauknes (trekkspel), Ånund Myhren (munnharpe), Siri Nordgård (toradar), Steinar Odde (gitar), Ragna Valde Sletten (fele)

Det utøvande masterstudiet med tradisjonsmusikk som sjanger

Dei siste åra har det vore mogleg å søkje det ordinære masterstudiet i utøvande musikk ved Griegakademiet / UiB med jazz eller folkemusikk som sjanger, og Kristoffer Kleiveland og Johanne Løkenstgard Mjøs – dei to første folkemusikkstudentane som kom inn på dette studiet, i 2020 – heldt fram i meldingsåret. Dei har høvesvis Tom Willy Rustad og Vegar Vårdal som hovudrettleiingar, finansiert av OBA, og tok deleksamenar i juni.

Konsertar og musikkinnslag med bachelor-/masterstudentane:

- Fleire lunsjkonsertar i Voss bibliotek
- Sigyn Sandegren hadde Stikk Innom-konsert saman med tidlegare student Ingrid Sørheim, i regi av Griegakademiet i juni under festspeltida i Bergen

- Innslag på konsert i Korskirken i Bergen i Griegakademiet's opningsveke
- Innslag på Ungdomsgalla på Riksscenen i Oslo i september
- «Teaserkonsert» i Voss Ungdomshall onsdagen før Osafestivalen
- Innslag på utstillingsopning på Osafestivalen
- Konsert i Nain saman med folkemusikkstudentar frå Rauland og Norges Musikkhøgskole fredagen under festivalen, som avslutning på festivalseminaret leia av Helge Norbakken
- Innslag på NMH-studentane sin festival Ljøsblått i Oslo i november

Det nordiske masterstudiet i folkemusikk

Etter eit første semester ved KMH i Stockholm hausten 2019, andre semester i Esbjerg våren 2020 og haustsemesteret -20 i Helsinki, skulle studentgruppa på fellesstudiet «Nordic Master in Folk Music» (NoFo) våren 2021 etter planen ha 7 vekers studiesamling på OBA i februar-mars og oppfølging ved heiminstitusjonane resten av tida. Pga. koronapandemien var det innreiseforbod til Noreg frå februar -21, og vi organiserte difor eit 7 vekers digitalt studieopplegg i mars-april i staden for OBA-opphaldet. I studentkullet var det éin student frå Ole Bull Akademiet/Griegakademiet (Jannike Svensvik, fele/hardingfele), to frå Sibelius-Akademien (Helsinki), to frå Syddansk Musikkonservatorium (Esbjerg) og éin frå Kungliga Musikhögskolan (Stockholm). Den felles, avsluttande eksamenskonserten som normalt ville vore arrangert i vårsemesteret let seg ikkje gjennomføre pga. pandemirestriksjonane, og studentane fekk avsluttande vurdering lokalt på sine heiminstitusjonar. Jannike Svensvik heldt solokonsert som avsluttande eksamen på OBA i juni.

I mars vart det gjort nytt studentopptak til studiet, der opp-taksprøvene vart avvikla digitalt. 6 studentar vart tekne opp: 3 ved SDMKG Esbjerg, 1 ved KMH Stockholm og 2 ved OBA: Ronja Grafström (vokal) og Timmy Gasslander (gitar). Dei to sistnemnde søkte i utgangspunktet på KMH, men der var det overskot av kvalifiserte søkjarar, medan OBA hadde berre éin, som valde SDMKG som heiminstitusjon framfor OBA. Dermed var det ledige plassar hjå oss til søkjarane som sto på venteliste i Sverige. Dei nye NoFo-studentane hadde etter vanleg opplegg sitt første semester ved KMH i Stockholm hausten -21.

Håkon Asheim representerer OBA i koordinatorgruppa for studiet.

Lærarar/førelasarar på bachelor- og masterstudia

Arne Anderdal, Sigbjørn Apeland, Håkon Asheim, Jo Asgeir Lie, Synnøve Bjørset, Aslak Brimi, Knut Aastad Bråten, Ole Aastad Bråten, Torkjell L. Børsheim, H. C. Dalgaard, Rannveig Djønne, Grete Ege, Anon Egeland, Hilde Fjerdingsøy, Terje Foshaug, Ingrid L. Fossum, Britt Pernille Frøholm, Ragnhild Furebotten, Knut Hamre, Silje Hegg, Tone Hulbækmo, Halvor Håkanes, Terje Isungset, Simen Roheim Iversen, Marit Karlberg, Tom Karlsrud, Ronny Kjøsen, Kristoffer Kleiveland, Elisabeth Kværne, Gjermund Larsen, Kenneth Lien, Anders Lillebo, Johanne Mjøs, John Ole Morken, Gunnlaug Lien Myhr, Helge Norbakken, Odd Nordstoga, Bjørn Kåre Odde, Steinar Ofsdal, Angun Sønnesyn Olsen, Berit Opheim, Carl Petter Opsahl, Grete Pedersen, Guttorm Rogdaberg, Magni Rosvold, Tom Willy Rustad, Anders Røine, Bodil Rørtveit, Alexander Aga Røystrand, Marit Steinsrud, Eli Storbekken, Astrid Sulheim, Arne Sølvsberg, Anette Thorsheim, Irene Tillung, Olav Tveitane, Elisabeth Vannebo, Åshild Vetthus, Stein Villa, Mette Vårdal, Vegar Vårdal, Hanne Weisser, Espen Wensaas, Tron Steffen Westberg, Ståle Ytterli, Henrik Ødegaard.

Nordisk folkemusikkonferanse

Den årlege samlinga for utøvande folkemusikkutdanningar frå Norden og Baltikum skulle i 2020 ha vore arrangert av Centria University of Applied Sciences i Kokkola, Finland, i april. men vart utsett til 2021 på grunn av koronapandemien. I april -21 organiserte skulen i Kokkola ein digital konferanse med rikhaldig program av workshops, førelesingar og konsertar, der det til og med var mogleg for studentane å delta i digitale samspelsgrupper på tvers av land og skular, på liknande vis som under dei vanlege fysiske konferansane.

OSAFESTIVALEN

Osafestivalen vart arrangert helga 28. - 31. oktober 2021. Resultatet syner det beste billettsalet i festivalen si historie. Festivalen har klart å nå breitt ut til nye publikumsgrupper, og tilbakemeldingane på programmeringa har vore svært gode. Festivalen har klart å ivareta det intime formatet der avstanden mellom artist og publikum er liten sjølv med Voss idrettshall som hovudbase. Heilårsscena Osascena har hatt jamt over god aktivitet vår og haust innanfor sine rammer.

Organisasjon

Osafestivalen er organisert som eit velgjerande AS og er ein sjølvstendig festival med Ole Bull Akademiet som eigar. Ole Bull Akademiet, Voss Spelemannslag, Voss Ungdomslag og Orkesteret Fossegrimen er arrangørar av Osafestivalen. 95 dugnadsmedarbeidarar – mange av dei unge nyrekrutterte – var med på gjennomføringa i 2021.

Styret

Jo Asgeir Lie (styreleiar)
Terje Støve (vara styreleiar)
Tina Kjerland (styremedlem)
Sissel Lie (styremedlem)
Rannveig Djonne (styremedlem)
Ida Dyrkorn Heierland er dagleg leiar

Tilsette knytte til Osafestivalen

Ida Dyrkorn Heierland (dagleg og kunstnarleg leiar) 100% og Sissel Lie (festivalsekretær) 10% er tilsette ved Ole Bull Akademiet.

Programråd

Jo Asgeir Lie (Ole Bull Akademiet)
Frode Thorsen (Fakultetet for kunst, musikk og design, UiB)
Alexander Aga Røystrand (Frilans folkemusikar)

Ida Dyrkorn Heierland (Dagleg leiar Osafestivalen)

COVID-19 og festivalgjennomføring

Nok ein gong har vi stått i ei uføreseieleg oppkøyring mot festivalavvikling grunna pandemien. Osafestivalen følgde difor same plan som i 2020 med bruk av Voss idrettshall som hovudbase. Her kunne ein gjennomføre på ein forsvarleg måte samstundes som at ein kunne oppretthalde det nivået festivalen hadde året før og ivareta allereie inngåtte avtalar

med lokale leverandørar og artistar. Her låg det også til rette for ei evt. utviding av publikumstalet. Eit godt samarbeid med Voss Lyd og stimuleringsstøtte gjorde gjennomføring på eit slikt nivå mogleg også i år. Til all lukke vart smittevernrestriksjonane oppheva kort tid før festivalhelga. Det vart dermed starta full oppskalering: fleire billettar vart tilgjengelege på TicketCo, trykket på marknadsføringa vart auka, og satsa på eit utvida samarbeid med dei lokale hotella kring festivalpakkar. Ein tok også i bruk dei minste scenene som festivalen har brukt i alle år. Innreiserestriksjonar har gjort at vi også i år hadde få internasjonale artistar, men unntak av ei besetning.

Satsingsområde

Osafestivalen har vidareført fire satsingsområde i 2021:

1. Utvida satsing på born og unge

Festivalen gjennomførte «Musikalsk prøverom» på Vangen laurdagen under festivalhelga der føremålet var å auke interessa for og bidra til rekruttering til folkemusikkmiljøet. Vel 200 deltakarar. Musikalsk prøverom var særskilt støtta av Norsk senter for folkemusikk og folkedans og Voss Sparebank.

«Musikalsk prøverom på fire hjul» vart gjennomført tysdag til torsdag festivalveka. Steinar Ofsdal tok med seg spennande instrument og levande formidling ut til 6 lokale barnahagar. Tiltaket var svært vellukka!

Det etablerte UngOsa-kurset hadde rekordhøg påmelding og ei svært god gjennomføring. Kurset er ope for unge hardingfelespelarar, toradarspelarar, songarar og dansarar frå sju år og oppover. Nytt av året var eit eige kurs i samspel. Deltakarane fekk også sjå danseforestillinga «Dei gamle er eldst» og hadde sin eigen konsert med flott lyd- og lysrigg i Voss idrettshall i tillegg til sjokoladekappleik på Voss Vandrarheim.

Lærarar i år var:

- Lajla Renate Buer Storli og Kim Rysstad i kveding
- Ingrid Schei Stuhau, Maria Skjeldrum Toppe og Knut Hamre på hardingfele
- Ole Nilssen og Ingvild Seilen på toradar
- John Ole Morken på samspel
- Inga Myhr og Åsmund Nestås Øydvin på dans

Osafestivalen hadde også ei konsertførestilling for dei aller minste laurdagen: «Alle har en liten dør bak øret» med Annlaug Børsheim og Vibeke Flesland Havre i tillegg til premiere på ei danseframvisning med 15 unge utøvarar frå ESC ungdomskompani for samtidsdans: «Vi er det vi sier, men også det vi tier om».

Festivalen gjennomførte også ein danseworkshop for ungdom mellom 13–18 med break-dansaren Navid Rezvani og folkedansaren Torkjell Lunde Børsheim. I samarbeid med ungdomsklubben Gryto.

2. Utvikle festivalen som arena for kunnskapsformidling

Den etablerte programposten «Meistertimen» har blitt vidareutvikla der Vegar Vårdal tok inn ein klassisk utøvar i tillegg til to folkemusikkutøvarar. Her får publikum eit innblikk i kunnskaps- og tradisjonsoverføringa som ligg i folkemusikktradisjonen. Målet her er å opne for refleksjonar over kva som skjer i eit personleg møte mellom studentar og ein meister som er «berar» av og formidlar av tradisjonsmusikken.

Årets «Osamæle» var ein samtale mellom Mari Boine og Benedicte Maurseth om tema som å vera i teneste for kunsten, egoet, prestasjonsjaget, kva som uroar, nærer og utfordrar Boine, og ikkje minst om den menneskelege og kunstnarlege reisa musikken har tatt ho med på. Osamæle 2021 var særskilt støtta av Fritt Ord og NOPA. I tillegg hadde festivalen to konsertføredrag: «Fanitullen» og «Detta var nå som vart spelt da'n Adam gjekk i småskuuln. Om tolking og formidling av tradisjonsmusikken i vår samtid».

Festivalen hadde også to ulike «talkshow»: Kultivatorpodden live og «Pils med Nils» som på kvar sine måtar kasta lys på folkemusikk, historie, kunst og kultur i samtale med artistar på festivalen.

Det vart gjennomført fleire smittevernvenlege lynkurs i song, dans, munnharpe og seljefløyte i løpet av festivalhelga. Alle kursa var særskilt støtta av Norsk senter for folkemusikk og folkedans.

3. Løfte fram solospel, historieformidling og dans

Osafestivalen vil synleggjere solospel og -song også på dei store konsertarenaene. Knut Buen delte scene med Steinar Rygg i Voss idrettshall medan Berit Opheim tralla til dans i same lokalet seinare på kvelden. Marit Karlberg song solo i

Sævelid og Thov Wetterhus fekk gamlekinoen til å koke torsdag kveld med solo munnharpekonsert.

I tillegg til dans på opninga, lynkurs i dans og danseworkshop for ungdom, gjennomførte festivalen to store danseførestillingar laurdagen: først ESC ungdomskompani for samtidsdans: «Vi er det vi sier, men også det vi tier om» og seinare «Dei gamle er eldst» som kretsar rundt dei eldre hallingmeistrane våre. Festivalen klarte å nå breiare ut på kveldsdansen med DJ Folkesnurr ferdagskvelden og meir tradisjonelle danseformer laurdagskvelden. Dette fekk svært god mottaking.

4. Løfte teknisk produksjon

Den tekniske produksjonen har hatt eit kraftig løft dei to siste åra. Etter festivalen i 2019 vart det sett igang eit arbeid med å skape eit eige, heilskapleg og gjennomgåande sceneuttrykk for alle scener og flater for Osafestivalen. Dette omfattar mellom anna eit lysdesign og scenografiske element, men også eit tyngre og meir profesjonelt apparat på den scenetekniske sida som kan følge opp festivalen året igjennom. Festivalen har hatt eit tett samarbeid med produsentar i Voss lyd gjennom året. Eit slikt løft kostar sjølvsagt pengar, men er også heilt naudsynt for at festivalen skal kunne vekse og sikre rekruttering av nye publikumsgrupper.

Kunstnarleg innhald

Osafestivalen skal vere ein nyskapande møtestad der folkemusikken møter og bryner seg på nærliggjande musikkformer. Programsamansetninga 2021 viste mange slike møte: her var det innslag av klassisk, hiphop, rock, country og vise-sang samstundes som at programmet også baud på dei heilt tradisjonelle formene. Årets urtonekonsert med Eilif Gundersen, Hildegun Øiseth og Olav Torget vart eit magisk møte med bukkehornet i Voss idrettshall. Bjarte Eike og Barokkso-listene gjorde folk mållause etter strålande konsertar laurdag «The Alehouse Sessions» og søndag «Purcell's Playground». «Uforgløyemelege! Orkesteret er betre enn nokon gong. Alle sansar blir berørt av deira musikk, kunst og formidling, det er stort. Forbilledleg på alle vis, musikalsk, formidlingsmessig, scenisk. Og det toppa seg med Mary Bevan, ho har ei stemme, nærvær og musikalitet som er ytterst sjeldan å oppleve. Konserten «Pursell's playground» var ein konsert som berørte alt i ein, ein av dei beste (den beste) konsertane dette tiåret.» skreiv kvedar Berit Opheim etter konserten. Festivalen presenterte også den heilt nyetablerte gruppa Afoaott



Mathilde Skjæret frå hennar bachleoreksamen. Foto: Arne Anderdal

som med bakgrunn i sjangrar som folkemusikk, country og americana, blues og boogie, jazz og populærmusikk tok tak i den lokale folkemusikken i Vossaregionen og gjorde han til sin eigen.

Fagseminar

Seminaret vart leia av den anerkjende perkusjonisten Helge Norbakken, og i tillegg bidro Vegar Vårdal (fele/hardingfele) og Berit Opheim (vokal). 23 folkemusikkstudentar frå Ole Bull Akademiet, Norges Musikkhøgskole og USN Rauland deltok. Dei fekk tilsend nokre tradisjonelle slåttar og songar på førehand som Berit og Vegar gjekk gjennom i starten av seminaret. Helge Norbakken rettleia i prosessen vidare, der desse melodiane vart arrangerte i samspel med dei ulike instrumenta deltakarane hadde med seg. Her nytta Nordbakken arbeidsmetodar inspirerte av m.a. afrikanske rytmar. Resultatet presenterte gruppa på den avsluttande festivalkonserten i NAIN.

Artistar/grupper under festivalen

Thov G. Wetterhus, Lars Finborud, Anders Fretheim, Bendik

Finborud, Navid Spagetti Rezvani, Torkjell Lunde Børsheim, Ådne Kolbjørnshus, Bjørn Kåre Odde, Vegar Vårdal, Jorun Marie Kvernberg, Elin Marie Christensen, Ida Malene Christensen, Jo Fougner Skaansar, Guro Kvifte Nesheim, Irene Tillung, Bjørnar Ekse Brandseth, Arne Toivo Fjose, Kåre Opheim, Gunnhild Sundli, Sveinung Sundli, Magnus Børmark, Jon Even Schärer, Knut Buen, Steinar Rygg, Stian Carstensen, Ola Kvernberg, Steinar Ofsdal, Annlaug Børsheim, Vibeke Flesland Havre, Anders Lillebo, Sigrid Stubbsveen, Agnes Vaagland, Alisah Sussmann, Birgitte Sletten Christensen, Dekontee Bente Esther Manyeah, Emma Bøyum, Iga Eliza Hudak, Isabel Ekeseth, Lise Joanne Nergård, Liv Viksmo, Natasha Madeleine Kollbotn, Nora Lina Voie, Olai Bordvik, Thomas Valkner, Margrethe Skjerven Olsen, Shanti Golinveaux, Sigurd Johan Heide, Snorre Bjartmann Bjerck, Martin Myhr, Rolf Bjørgan, Ingar Ranheim, Dagfinn Krogsrud, Dag Hamre, Vidar Underseth, Tuva Livsdatter Syvertsen, Sivert Holmen, Silje Onstad Hålien, Berit Opheim, Eilif Gundersen, Hildegun Øiseth, Olav Torget, Torgeir Waldemar, Jørund Fluge Samuelsen, John Vinge, Åsmund Reistad, Bjarte Eike, Fredrik Bock, Per Buhre, Tom Guthrie, Johannes Lundberg, Helge Andreas Norbakken,

Steven Player, Hans Knut Sveen, Jo Asgeir Lie, Tom Willy Rustad, Steinar Odde, Erlend Styve, Arne Anderdal, John Ole Morken, Mary Bevan, Judith-Maria Blomsterberg, Marit Karlberg, Mari Boine, Benedicte Maurseth, Kim Rysstad, Birger Mistereggen, Trym Bjønnes, Mette Vårdal, Liv Bernhoft Osa, Nils Kvamsdal, studentar frå OBA, NMH og USN, UngOsa-gjengen.

Marknadsføring

Festivalen har hatt eit godt trykk på marknadsføring på sosiale medium gjennom heile året, men har heile tida måtte ta omsyn til koronasituasjonen og den uvissa vi har hatt. Vi sleppte programmet rekordtidleg då vi visste at hausten kom til å bli fylt opp med utsette kulturarrangement som vi måtte konkurrere med. Vi brukte minimalt med marknadsføringskroner heilt til festivalhelga var ganske nær. Då samfunnet opna opp, køyrde vi på med fullt trykk på marknadsføring spissa mot folk i regionen.

Trykk av programhefte, plakattedistribusjon og annonsering i lokale aviser var som normalt. Det vart gjort råopptak i 2020 til ein planlagd festivalteaser som kom på nyåret i 2021. Front Film produserte to teasarar i forkant av festivalen og gjorde råopptak gjennom heile festivalhelga. Osafestivalen var også til stades med promotering under Smalahovesleppet.

Økonomi

Billett- og barsalet vart det beste i festivalen si historie. Det er inngått nye treårige avtalar med hovedsponsorane våre som alle har auka støttebeløpet f.o.m. 2021. Festivalen opplevde at fleire av dei mindre lokale sponsorane kom attende i år. Tilrettelegging av festivalen i ei uføreseieleg tid har krevd auka utgifter til leige av lokale, teknisk rigg og tilrettelegging for eit godt smittevern. Festivalen fekk tilsegn om stimuleringsmidlar frå Norsk Kulturråd som gjorde gjennomføring på dette nivået mogleg.

Tal konsertar og publikum

I løpet av festivalhelga vart det gjennomført:

Til saman 45 programpostar. Av desse var:

- 5 lynkurs i song (x2) / seljeflyte / dans / munnharpe
- 1 kunstutstilling i samarbeid med Voss kunstlag
- 1 helgekurs UngOsa i samarbeid med Hardingfela.no
- 14 gratisarrangement

- 2 store danseforestillinger
- 1 «Mat, musikk og vin» i samarbeid med Park Hotel
- 9 programpostar retta særskilt mot born og unge: lynkurs (for alle), UngOsa, «Musikalsk prøverom», barnehageturné «Musikalsk prøverom på 4 hjul», familieforestillinga «Alle har en liten dør bak øret», danseworkshop i Gryto
- 3 konsertforedrag/samtalar: årets Osamøle med Mari Boine, «Fanitullen» med John Ole Morken & Arne Anderdal og «Detta var nåe som vart spelt da'n Adam gjekk i småskuuln», om tolking og formidling av tradisjonsmusikken i vår samtid med Sigrid Stubsvæn & Anders Lillebo.

Billetttypar: Festivalpass, dagspass, huskort, enkeltbilletter & følgjekort.

Samla publikumstal for alle programpostane 6323 (ikkje unike då mange hadde kjøpt pass og gjekk på fleire av konsertane).

OSASCENA

Osascena er Osafestivalen si heilårs akustiske musikkscene med fast tilhaldsstad på Tre Brør Bar på Voss. I 2021 har Osascena i tillegg brukt Osasalen på Ole Bull Akademiet som alternativ scene av omsyn til smittevernet. Osascena er eit samarbeidsprosjekt mellom Osafestivalen, Voss Spelemannslag og Ole Bull Akademiet, der Osafestivalen er økonomisk ansvarleg og står for den daglege drifta som omhandlar booking, marknadsføring, økonomi og andre praktiske gjeremål. Scena er ein godt etablert og velkjend kulturarena på Voss og i regionen.

Programnemnd

Scena har hatt ei nemnd på fire personar i 2021 som har fungert som programråd og arbeidskraft til den praktiske gjennomføringa:

- Arne Anderdal (Tilsett Ole Bull Akademiet)
- Lars Gjelland (Repr. Voss Spelemannslag)
- Ida Dyrkorn Heierland (dagleg leiar Osafestivalen)
- Kari Finne Sognnæs (Freelans kvedar og tidlegare student ved Ole Bull Akademiet)

Marknadsføring og gjennomføring

Også i år har koronasituasjonen gjort at det planlagde årsprogrammet til Osascena har blitt noko justert. Vi har gjennomført fire knallgode konsertar som har fått god publikumsopplutning innanfor dei smittevernrammene vi har hatt. Det vart ikkje trykt programhefte i 2021 pga den uforseielege situasjonen. Alle konsertane har fått god marknadsføring i alle våre digitale kanalar i tillegg til plakatoppslag, medieomtale og annonser i lokalavisa.

Profilen til Osafestivalen har vore tydeleg i all marknadsføring av Osascena, og kvar konsertkveld har vorte innleia med ein invitasjon til å vere frivillig under festivalen og å kome med programinnspel til neste festival. Osascena har såleis vore ein viktig arena for å bygge festivalpublikum gjennom året.

Osascena har innleia eit nytt samarbeid med Førdefestivalen i 2021 gjennom turnéprosjektet VestaFolk. Dette var svært vellukka! Vi har også halde ved like den gode dialogen og programmeringssamarbeidet med Colombi Egg i Bergen. Diverre sette pandemien ein stoppar for tre planlagde konsertar med Hazelius/Hedin, Marja Mortensson duo og Kvedarkvintetten. Konserten med Kvedarkvintetten vart avlyst tett på, så her vart det utbetalt honorar. Dei to andre konsertane ønskjer vi å få gjennomført i 2022.

Alle konsertane har blitt gjennomførte i tråd med gjeldande smittevernreglar. Programkomiteen har freista å ha eit gjennomgåande fokus på kjønns- og aldersbalanse i programmeringa.

Gjennomførte/avlyste/utsette konsertar med publikumstal 2021

9. mars: Aslak Brimi Kvartett med Mari Midtli – 16 selde billetter – 10 på gjesteliste

5. mai: Trio Alde: Himlaleite (Gabriel Fliflet, Berit Opheim & Jorun Marie Kvernberg) 41 selde billetter – 10 på gjesteliste

14. september: Ragnhild Furebotten Trio med Gjermund Larsen og Frode Haltli – 21 selde billetter – 10 på gjesteliste

28. november: Astrid Garmo & Ingrid Sørheim // Øyvind Brabant – 19 selde billetter – 8 på gjesteliste

Totalt antal publikummarar på Osascena i 2021: 135 pers.

Det har vore eit lågare antal publikummarar i 2020 og 2021 enn på eit normalår. Vi har delvis arrangert konsertar då det

har vore smittevernsrestriksjonar slik at vi ikkje har hatt høve til å ta inn fleire. Vi har også opplevd at folk ikkje har vore heil klare for å gå på konsertar sjølv då det ikkje har vore restriksjonar. Osascena har likevel vore eit viktig tilbod for folk i bygda og regionen. Vi ventar at publikumstalet går seg til når samfunnet opnar meir opp att, og publikum er klare.

FELEMAKARVERKSTADEN

Wiebke Lüders og Lukas Pawelka var i tida 21.06.–02.07. på Ringve museum i Trondheim. Der rigga dei opp ein verkstad, og heldt popup-workshop på museet. Dette gav dei som vitja museet eit unikt innblikk i tradisjonell hardingfelebygging. Det vart sett opp et utstillingsrom med utstilling av verkty, materiale og arbeidsbenk, der dei kunne demonstrere felemakeri på to hardingfeler, mens dei vitjande kunne gå rundt og stille spørsmål.

På føremiddagen den andre veka var workshopen retta mot born frå Camp Science-prosjektet (ein open sommarskule i Trondheim for barn frå 5.–10. klasse), som hadde bestilt et praktisk kurs for å lære om hardingfelebygging. Borna laga små anheng av ibenholt og perlemor (lik det typiske gripebrettinnlegget til ei fele), som Wiebke og Lukas hadde førebudd til dei. Dei trena også på rosing, og fekk også høve til å prøve å spele på ei hardingfele. Både vitjande og museums-tilsette gav positive tilbakemeldingar på popup-workshopen, og det er planar om å fortsetje dette samarbeidet med Ringve museum i 2022.

25.–26.11. var det den årlege kontrollen av hardingfelene i Dextra Musica-samlinga. Kontrollen føregjekk på Sentralen i Oslo, saman med hardingfelemakar Bård Riise Hoel og fiolinmakarane Magnus Nedregård og Roman Malamant.

Felemakarverkstaden var representert på helgeseminaret til NIMF (Norsk Instrumentmakerforening), i helga 27.–28.11. Seminaret var i Oslo, og trekte musikkinstrumentmakarar og amatørar frå heile Noreg. Dette er ein viktig stad for nettverksbygging, syning av nye instrument, og det var både praktiske og teoretiske tema på seminaret.

Felemakarverkstaden har greidd å gjennomføre prosjektet «Morgondagens felemakarar» – no med fem ungdomar. Dette prosjektet er i regi av Hardingfela.no og har som mål å rekruttere ungdom til hardingfelemakaryrket.

To nye hardingfeler er i arbeid, og verkstaden har elles mykje reparasjonsarbeid, oppsett av hardingfeler og fiolinar, og rehåring og reparasjonar av bogar.

HARDINGFELA.NO

Hardingfela.no i varig drift

2021 var fyrste året for hardingfela.no med faste driftsmidlar gjennom statsbudsjettet og auka driftsmidlar frå Vestland fylkeskommune. Trass i koronarestriksjonar delar av året så har me fått gjennomført mykje av aktivitetsplana for 2021. Kort oppsummert med nokre av dei større satsingane til hardingfela.no; deltakarrekord på UngOsa, 200 konsertar i juli månad med dei unge utøvarane våre i Felefylgje, Morgondagens Felemakarar har kome langt på felene sine og så fekk me gjennomført Danseglede – ei stor dansesatsing i eit år der dansen har lidd stort.

Organisering

Prosjektet er eigd av Hardanger og Voss Museum og Ole Bull Akademiet. Rannveig Djønnne er dagleg leiar for hardingfela.no (100 % stilling), medan Magni Rosvold er fagkonsulent for dans. Magni har i 2021 hatt 50 % permisjon for å jobba i prosjektet Bygda dansar Hordaland. F.o.m. 1. januar 2022 er ho tilbake i 100 % stilling i hardingfela.no

Styret til hardingfela.no består av:

- Rektor ved Ole Bull Akademiet: Jo Asgeir Lie
- Direktør ved Hardanger og Voss museum: Åsmund Kristiansen
- Styrrar ved Hardanger Folkemuseum: Agnete Sivertsen

Styret har hatt sju møter i 2021.

Rådet for hardingfela.no består av:

- Hordaland folkemusikklag – Per Øyvind Tveiten
- Sogn og Fjordane folkemusikklag – Knut David Hustveit
- Hordaland ungdomslag – Øystein Rambjørg
- Sogn og Fjordane ungdomslag – Olaf Skjerdal
- Førdefestivalen – Sølvi Lien
- Vestland fylkeskommune – Wenche Gausdal
- Osafestivalen – Ida Dyrkorn Heierland
- Ole Bull Akademiet – Jo Asgeir Lie
- Hardanger og Voss museum – Åsmund Kristiansen

Rådet har hatt eit møte i 2021.

Ulike underprosjekt

Danseglede

Danseglede vart den største satsinga og mest tidkrevjande satsinga til hardingfela.no i 2021. Idéen kom frå folkemusikar Lajla Renate Buer Storli. Ho var inspirert av BliMe-dansen til NRK og hadde lyst til å gjera noko liknande med utgangspunkt i folkemusikk og folkedans. På kort tid laga ho ein tekst, og melodien laga ho saman med John Ole Morken. Danseglede vart arrangert av Jo Asgeir Lie, og i studio for innspeling av single hadde Lajla og John Ole med seg Kvarts. Attåt fekk me med oss Berit Opheim og ein stor gjeng frå Voss kulturskule til å kora på Danseglede. Deretter laga Inga Myhr og Magni Rosvold ein flott dansekoreografi til Danseglede. Me leigde inn Front Film til å filma instruksjonsvideoar der Inga og Magni syner koreografien del for del. Deretter laga me ein inspirasjonsvideo der unge og eldre dansarar dansa til Danseglede på Hardangerbrua, Mølstertunet, Fløyen og Akvariet i Bergen. Alt dette vart spreidd på Youtube og sosiale medium og fekk god presseomtale. Me oppfordra alle til å senda inn eigne Dansegledevideoar som me skulle redigera saman til ein stor Dansegledevideo.

Me hadde heile tida med oss FolkOrg på laget som m.a. bidrog til å spreie informasjon kring Danseglede til sine medlemslag. Det vart dansa til Danseglede kring i heile landet og til og med i Sør-Afrika. Me fekk inn kring 20 videoar, og filma også sjølve på Skare skule, Låtefoss, på Bjølvefossen i Ålvik saman med Ålvik skule, på Lofthus saman med leikaringen på Lofthus og aspirantgruppa til Ullensvang skulemusikklag, seniorringen på Utne og eit fotballlag på Voss. Alt dette vart redigert i hop til ein stor Dansegledefilm som hadde premiére i november. Også på UngOsa hadde me Danseglede som raud tråd med stort avslutningsnummer under UngOsakonserten i idrettshallen på Voss. Gjennom heile prosjektperioda så hadde me eit særst godt og positivt samarbeid med Lajla Renate Buer Storli, John Ole Morken og andre samarbeidspartar.

UngOsa

UngOsaer eit storkurs som hardingfela.no arrangerar i samarbeid med Osafestivalen. Dette var 6.gongen me arrangerte UngOsa. I 2020 så fekk me kun til ei dagssamling p.g.a. covid 19. I 2021 var me tilbake til normalen og hadde kurs frå fredag 29.oktober til søndag 31.oktober. Det var deltakarrekord med 60 utøvarar på hardingfele, toradar, kveding og dans frå 6 år og oppover. Lokalitetane me nytta var Voss ungdoms-

skule, Voss Vandrarheim, Ungdomshallen og Voss idretts-hall. Attåt å ha kurs fekk deltakarane sjå førestillinga «Dei gamle er eldst», dei hadde sjokoladekappleik, mykje sosialt og avslutningskonsert i Voss idrettshall. Den raude tråden til årets UngOsa var Danseglede, og avslutningsnummeret på UngOsakonserten var dans og song til Danseglede med m.a. Kvarts. Samstundes med UngOsa hadde Bygda Dansar – Hordaland samling for deltakarar 15–19 år.

Årets lærarar var:

- Arngunn Timenes Bell, Maria S. Toppe
- Ingrid S. Stuhaug og Knut Hamre på hardingfele
- Ole Nilssen og Ingvild Seilen på toradar
- Åsmund N. Øydvin og Inga Myhr på dans
- Kim Rysstad og Lajla Renate Buer Storli på kveding
- John Ole Morken på samspel (nytt tilbod av året)

Morgondagens felemakarar

I samarbeid med felemakarverkstaden på Voss så fekk me i 2020 i gang Morgondagens felemakarar. 6 born og unge frå Hardanger og Voss hospiterar på felemakarverkstaden 2 timar i veka, og i løpet av 3 år så skal dei ha laga si eiga hardingfele. Nokre halvferdige delar til felene er kjøpt inn frå felemakar Ole Gjerde. Dei unge felemakarane har kome langt på felene sine, og dei kan kanskje verta spelbare i løpet av 2022. Hausten 2021 så hadde dei også ein inspirasjonstur til felemakar Sigvald Rørlien. Morgondagens felemakarar har fått stønad frå Norsk Kulturråd, Vestland fylke og lokal stønad frå Voss herad og Sparebanken Vest.

Felefylgje – konsertar i museumstuna

Solokonsertar i museumstuna var tilbake i 2021 etter ein pause i 2020. Jonas Laupsa (hardingfele) spelte konsertar på Hardanger Folkemuseum, Agatunet og Skredhaugen. Siri Nordgård (toradar) spelte konsertar på Mølstertunet og Ingrid Standal Sørheim (toradar) spelte konsertar på Hardanger Fartøyvernssenter og Storeteigen. I løpet av juli så spelte dei til saman 200 konsertar a'kring 20 minutt. På Mølstertunet prøvde me i 2021 at den fyrste av tre daglege konsertar var ein konsert retta spesielt mot born. Det var ein suksess som Mølstertunet gjerne vil vidareføra. Ingrid Standal Sørheim som spelte i Kvam inviterte med seg gjes-temusikarar og hadde eit allsidig opplegg. Dei tre utøvarane hadde også ein veldig fin felles konsert på sesongopninga av Skredhaugen.

Sekretariat for Vestland fylkeskommune sine folkemusikk og folkedansstipend

Hardingfela.no har dei siste åra vore sekretariat for Hordaland fylkeskommune sine folkemusikkstipend. Vestland fylke har vidareført ordninga og hardingfela.no er framleis sekretariat for nemnda som innstiller til stipendvinnarar. Årets vinnarar var Signe Førre (Folkemusikk Ung-stipend på 25 000 kroner), Arve Berg (stipend på 25 000 kroner) og Lars Tørressen (stipend på 60 000 kroner).

Ulike tiltak innan danseopplæring som anten har vorte gjennomført eller utsett

- Dans med Voss idrettskule i samarbeid med Voss spelemannslag (januar).
- Opplegg i samarbeid med Bygda dansar og lokalmiljøet på Osterøy under Folkemusikkhelga der i januar (vart fyrst skalert ned til ein dag, så utsett og avlyst)
- Haustferiedans i samarbeid med Voss spelemannslag og Voss ungdomslag (Her var Astri Sudmann, Ådne R. G. Kolbjørnshus og Halldis Folkedal innleidde danseinstruktørar). I tillegg til å ha fleire timar med dans kvar dag, fekk deltakarane også mellom anna vera med på guida tur på Voss folkemuseum, laga fløyter ilag med Stein Villa og besøka felemakarverkstaden på Ole Bull Akademiet. Tiltaket var støtta av Voss herad.
- Dansekveld på Krossvoll på Lofthus i samarbeid med Ullensvang kommune, lokale ressurspersonar, Bygdekvinnelaget, Leikarringen på Lofthus/ Ullensvang ungdomslag, og Hardanger spelemannslag (oktober).
- Samarbeid med andre og div. møter/presentasjonar
- Deltaking på møter og rådgjeving i samband med danseprosjekt i Ullensvang kommune gjennom lokal DKS. Her har ein også vore delaktig i arbeid med å arrangera lokale møteplassar for dans i samband til dette danseprosjektet.
- Møter med Sogn og Fjordane ungdomslag og Hordaland Ungdomslag i høve samarbeid om samling for born og unge (UngOsa 2021 vart i staden for Fylkesstemna for born).
- Deltaking på det nasjonale samrådsmøtet for folkedansen (to møter årleg, juni og november)
- Møter og statusoppdateringar/ dialog med lokale ressurspersonar på dans (her blant anna i Ullensvang, Odda, Ulvik, Bjørnafjorden, Bergen, Osterøy, Samnanger, Voss, Kvam, Granvin)
- Samarbeid om, og deltaking på, digitale work-shops om

springaren i Sørfjorden ilag med Norsk senter for folkemusikk og folkedans.

- Digital Folkedanssalong:
Folkedanssalong: Kva skjer i BDH 2021 og 2022 (mai).
Folkedanssalong – Ullensvang kommune med dans på timeplanen (juni).
- Diverse digitale møter og konferansar i regi av andre:
Kulturtankens årskonferanse; Digitalt møte om rekruttering og kontinuitet i barne- og ungdomsarbeid (NU); MDD-faget: organisering og innhald (eit samarbeid mellom SANS og fagrådet for MDD); Pedagogiske og metodiske triks i folkedansen (NU); Frivillighetens år (Frivillighet Norge).
- Samarbeid og møter med Norsk senter for folkemusikk og folkedans om prosjektet Bygda dansar Hordaland – hardingfela.no sit i referansegruppa til prosjektet som ein av tre lokale søkarar.
- Samarbeid med ulike kommunar i Voss/ Hardinger i høve førebunde arbeid om utviding av distriktsmusikarordninga.
- Div. innspel til politiske dokument, m.a. Plan for kultur, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune, kulturmiljøplan til Voss herad m.m.
- Artiklar i bladet Folkemusikk og Museumsnytt om hardingfela.no skriven av Magne Velure.

ULIKE SAMARBEIDSFORA

Griegakademiet – Institutt for musikk er den institusjonen OBA har det mest omfattande samarbeidet med. Studietilboda på bachelor og masternivå er ein viktig del av dette. I tillegg omfattar samarbeidet ei rekkje tiltak og samarbeidsformer:

- økonomisk samarbeid som gjeld fordeling av resultatbudsjet for avlagde eksamenar
- det generelle tilskotet til OBA frå UFD blir utbetalt av UiB
- kompetansevurdering av tilsette skjer gjennom UiB
- UiB er representert i styret for Akademiet og programråd for Osafestivalen
- felles undervisningsopplegg og seminar
- Arne Bjørndals samling ved Griegakademiet - Institutt for musikk fungerer som viktig tradisjonsarkiv og samarbeidspartnar for Ole Bull Akademiet.

Samarbeidet mellom dei nordiske og baltiske høgskulane som har utøvande folkemusikk på studieplanen, held fram. Den nordiske folkemusikkonferansen til Nordtrad – The Higher Education Network of Traditional Music – vart grunna koronapandemien arrangert digitalt i 2021. Det var Centria University of Applied Sciences i Kokkola, Finland som stod for gjennomføringa (sjå eigen omtale).

Sidan 2009 har Griegakademiet og OBA vore med i mastergradsamarbeid med tre av Nordtrad-institusjonane.

Ole Bull Akademiet er med i Musikknett Vest, eit nettverk for musikk institusjonar på Vestlandet som arbeider med utøvande og pedagogisk utdanning, forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Voss Spelemannslag er fast musikalsk bidragsytar på kursa, og leiger i tillegg øvingslokale av Kringsjø AS.

Akademiet samarbeider med Liv Bernhoft Osa og Per Gørvell, eigarane av kunstnarheimen Sævelid, om bruk av konsertsalen i samband med kurs og som konsertarena under Osafestivalen. Vi har også samarbeid med Voss Folke-museum om omvisning for studentane våre på museet.

GJESTEFØRELESINGAR, KONSERTAR, STUDIETURAR, REPRESENTASJON I 2021

Jo Asgeir Lie

- har vore OBA sin representant i styret for Hardingfela.no
- Har, saman med Håkon Asheim, vore ein av hovudlærarane for folkemusikk valfag ved Griegakademiet
- sit i arbeidsgruppa for talentsatsing i Vestland, i regi av Norsk kulturskoleråd
- er styremedlem i Dextra Musica
- er styremedlem i Stiftelsen Lillehammer Museum
- er styremedlem i Kulturrom
- sat i styringsgruppa for Lyden av Voss-prosjektet
- har halde førelingar om samspelet i norsk folkemusikk for bachelorstudentane ved Ole Bull Akademiet
- har halde førelingar om samspelet i norsk folkemusikk for masterstudentane ved Ole Bull Akademiet
- Heldt, saman med Kristoffer Kleiveland, digital føreling om trekkspillet i norsk folkemusikk for Norske Trekkspilleres Landsforbund (NTL), 28.03.21

- har vore hovudinstrumentlærer for ein bachelorstudent
- var hovudinstrumentlærer for ein av Nordic Master-studentane
- Fekk urframført musikken til teaterframsyninga *Sommarfuglar*, som var tinga av Folkemusikkveka og Marit Sehl, Ål
- Arrangerte og var musikkprodusent på melodien *Danseglede*, i samarbeid med Hardingfela.no og Lajla Renate Buer Storli og John Ole Morken. Denne vart gjeve ut som singel og som musikksporet til dansevideoen med same namn <https://www.youtube.com/watch?v=wfmuzYIcxGA>
- har, med folkemusikkgruppa Kvarts gjeve ut cd-en *Ved myrke midnattstid*, saman med Vokalensemblen Multa Paucis.
- Har saman med Kvarts spela ei rekkje konsertar og folkemusikk-gudstenester, mellom anna under Osafestivalen.
- har spela fleire konsertar saman med Signe Lygre Førre kvartett
- har framført *Folkemusikkmesse frå Ål i Ål kyrkje* (mellom anna to digitale gudstenester under korona nedstenginga, og fleire fysiske gudstenester)
- fekk Spellemannpris som produsent for soloplaten til Mads Erik Odde, *Logne slåttar*. Produksjonen fekk også Folkelarmprisen for 2020 i klassen solo

Håkon Asheim

- Deltok i koordinatormøte og sat i opptakskomite for studiet Nordic Master in Folk Music. Møta og opptaksprøvene vart avvikla digitalt pga. pandemien.
- Sat som fast medlem i programstyret for dei utøvande bachelor- og masterprogramma ved Griegakademiet, som studietilboda våre høyrer inn under
- saman med Jo Asgeir Lie, organiserte og underviste i valfaget Folkemusikkutøving på Griegakademiet, som OBA har laga fagplan for. 9 studentar avslutta emnet våren 2021, og 10 nye studentar starta opp om hausten.
- Heldt solokonsert i på Jaunsen i Granvin i juni
- heldt konsert under open dag 27.11. på Tvildemoen / Vestnorsk Kulturakademi saman med Nora Taksdal, som innvigde den nye hardingbratsjen bygd av Ottar Kåsa
- hadde nokre andre oppdrag som musikaltrass i pandemisituasjonen, og som kappleiksdomar på VK i Granvin i oktober
- arbeidde med bok om Sigvald Rørlien med tanke på dokumentasjon av hans måte å byggje hardingfeler på

Arne Anderdal

- sit i styringsgruppa for Osascena, samarbeid mellom Osafestivalen og Voss Spelemannslag om konsertar året rundt på Voss
- vitja alle 5. klassar på Voss gjennom Den kulturelle skulesekken, med folkedans/folkemusikk i lag med danseinstruktøren Astri Sudman
- er musikalsk leiar i Voss Spelemannslag
- Heldt to kurs i hardingfelespel for entusiastar i USA/England over nett
- Har bidrege med ein artikkel i Hallingdal Historielag sitt årsskrift «Dølaminne» om runddansmusikk spelt på hardingfele i Hallingdal
- Deltok på Etnisk Musikkklubb sin 25 års jubileumskonsert i august. Var og med på minnekonsert for spelemannen Jens A. Myro sitt hundreårsminne i september
- Hadde premiere på konsertforedrag om historia rundt slåttan Fanitullen ilag med John Ole Morken på Osafestivalen i oktober.
- Ellers diverse speleoppdrag både som solist og saman med andre musikarar

Wiebke Lüders

- fullførte den femte hardingfela si. Også på denne blandar ho norsk hardingfelemakartradisjon med tysk barokkdekor – inspirert av den tyske instrumentmakaren Joachim Tielke. Den ytre forma til denne fela blei designa av Wiebke, og blandar konturane til ein Stradivari- og ein Guarnerifolin. Gripebrett og halestykke på denne fela blei laga i teamarbeid med Lukas Pawelka (etter en teikning av Wiebke) ved hjelp av ein CNC-ruter.
- utfører reparasjonsarbeid på hardingfeler, fiolar og bogar
- har laga eit nytt marionetteteaterstykk for born og vaksne «Fauens ettermiddag» i samarbeid med Orkestret Fossegripen. Stykket hadde premiere 23.10. i Voss Ungdomshall, og skal også visast på Figurfestspillene i Tønsberg, 22. januar 2022.
- har starta på eit felles prosjekt saman med Lukas, der dei skal lage ei nyckelharpe. Teikningane og den indre forma er ferdig, og nokre deler er påbyrja.

Lukas Pawelka

- Har arbeidd med å utvikle bruken av CNC-fresen
- Lage gripebrett og stemmeskruer ved hjelp av CNC-fresen

- Lukas har også eit prosjektsamarbeid med luttmakaren Lars Tørressen i Bergen. Prosjektet har fått tittelen «Vår lutt i felestille», som framleis er i planleggingsfasen. Lars Tørressen har fått midlar til dette prosjektet frå Bergen Kommune, og han fekk også Folkemusikkstipend frå Vestland fylke. Lukas kjem til å vere involvert i å bygge denne «hardangerluttan».
- Reparasjonar og oppsett av hardingfeler, fiolar og gitarar.
- har starta på eit felles prosjekt saman med Wiebke, der dei skal lage ei nyckelharpe. Teikningane og den indre forma er ferdig, og nokre deler er påbyrja.

Berit Opheim

- Innspeling og redigering av 29 religiøse folketonar, dei fleste frå notesamlinga til Olav Sande. Arbeidde vidare med å gjeva liv til fleire «nye» songar frå samlinga. Dette er ein del av Vossasongar-prosjektet
- Turne med Trio Alde
- Spela inn musikk av Eivind Solås saman med Kåre Nordstoga
- Arbeidde med forskingsøknad til Norsk Kulturråd saman med Tom Eide Osa
- Konsert med Bergen Barokk
- Sensor ved eksamenar på NMH
- Hengekøyeonsertar med Bodil Lunde Rørtveit og Annlaug Børsheim, Festspillene i Bergen
- Solokonsert, Granvin
- Konsertar i Vesterålen med Trio Mediæval
- Undervisning med SolistkoretUng, Voss
- Konsert på Fuglesteg saman med Lajla Storli
- Undervisning, Pederhuset
- Konsert med Sigbjørn Apeland
- Deltok på Folkesongforum, NMH
- Konsert under Klangfestivalen
- Innspeling av salmeplate med Sigbjørn Apeland
- Bjørnsonfestivalen med Trio Alde
- Produsent på plateinnspeling med Multa Paucis og Kwarts
- Tre vakre vener-forestillinga i Luster
- Framførte Løp, lokk og linjer (Lasse Thoresen) i Praha
- Kveldshymner, eit nytt prosjekt saman med Aasmund Kaldestad, Nils Økland, Thor- Harald Jonsen, Mikko Perkola
- Heldt adventskonsert i Nidarosdomen, saman med Nidarosdomens oratoriekor og Petra Bjørkhaug
- Konsertar i Tyskland saman med m.a. Erlend Viken og Karl Seglem; Soniq music, New Folk Songs
- Jolekonsert med Sigbjørn Apeland

Tom Willy Rustad

- Medlem i fagjuryen for Spellemannsprisen i klassa for Folkemusikk, 13. Januar.
- Gjest i Folkemusikkpodden på Riksscena. Spelte toradarslåttar og fortalte om instrumentets historie og utvikling i Noreg, 26. Februar.
- Innspeling av «Dansegleda» med Kwarts, Jon Ole Morken, Laila R. Storli og Kåre Opheim hjå Hallibakken lydstudio.
- Konsert i Skjåk kyrkje med Kwarts i høve frigjeringsdagen, 8. Mai
- Konsert på Gamle Kleppe i Vågå med Vegar Vårdal, Ragna Sletten og Ane S. Aasen, 28. mai.
- Konsertinnslag i høve opning av 1000-års utstillinga «Solrenning», 15. juni.
- Digitalt konsertforedrag i høve NTL si nettformidling, 20. juni.
- Konsert på Jutulheimen i Vågå saman med Stein Villa, 30. juni.
- Folkemusikkmesse med Kwarts i Sør-Fron kyrkje i høve 1000-årsjubileet og bispevisitas, 29. juli.
- Konsertinnslag i Sør-Fron kyrkje 28. august.
- Konsertinnslag og foredrag i høve arrangementet «Kappspel» på Rudi gard, 28. august.
- Konsertinnslag med Øystein Rudi i høve bokbad på Rudi gard med Lars Mytting og Ingar S. Kolloen, 5. september.
- CD-innspeiling i Salhus kyrkje saman med Kwarts og koret Multa Paucis, 16.–18. september.
- Solokonsert på Hunn gård i høve Gjøvik spelemannslags «Krydderkonsert»-serie, 24. september.
- Masterclasslærer i høve Munnharpeforum sitt kurs på Gjøvik, 25.–26. september.
- Konsertinnslag på Kveldsseto for Midtdalsarkivet på Ringebu, 13. oktober.
- Dansespeiling med Kwarts under Osafestivalen, 30. oktober.
- Folkemusikkmesse med Kwarts i Voss kyrkje, 31. oktober.
- Solokonsert og foredrag på Musikkhøgskulen i Oslo, 1. november.
- Konsert i Sør-Fron kyrkje i høve avslutninga av jubileumsåret «Hundorp 2021» 14. november.

- Munnharpekonserter og kurs for born og ungdom på Utgard i Lom, 20. november.
- Jubileumskonserter på Maihaugen i høve 40-års markeringa for Opplandsarkivet. Saman med folkemusikkarkivarane i Innlandet, 2. desember.
- Forsking, artiklar og publikasjonar
- Skeiv artikkel om folkemusikkarkiva i Gudbrandsdalen til jubileumsboka i høve 40-årsjubileet til Opplandsarkivet
- Er med i redaksjonsnemnda i tidsskriftet «Musik og Tradisjon» som er fagpublikasjonen til Norsk Folkemusikklag. Skriftet er den høgste akademiske folkemusikktidsskriftet i Noreg, og kvar artikkel har to anonyme fagfellevurderingar på professornivå eller liknande. NFL er medlem av ICTM (International Council of Traditional Music)
- Er fagleg konsulent for Kulturrådet i høve ein publisasjon om folkemusikkutøvarar i Tresfjord i Romsdal.
- Har vore fagkonsulent for eit forskingsprosjekt av Rasmus Kjørstad knytta til skalastudier av gamle langeleikar i Gudbrandsdalen. Prosjektet til Kjørstad vart støtta av Senter for Folkemusikk og Folkedans i Trondheim.
- Har vore bidragsytar til boka «Langeleiken i Noreg» av Bjørn Aksdal og Elisabeth Kværne som kom ut i desember 2021, med med bilete og info om langeleikar i Gudbrandsdalen.
- Arbeider også med eit revitaliseringsprosjekt av instrumentet «sister». Dette er eit folkemusikkinstrument

som gjekk ut av bruk på slutten av 1700-talet. Målet er å vidareutvikle konstruksjonen, og få både instrumentet og musikken fram i lyset att. Prosjektet er støtta av Kulturrådet.

HEIMESIDE

På heimesida www.olebull.no finst informasjon og timeplanar for kurs og anna studieinformasjon. I tillegg inneheld sida informasjon om Ole Bull Akademiet og Kringsjø AS. Feleमारverkstaden har i tillegg eiga heimeside www.felemakeriet.no.

ARBEIDSMILJØ, SJUKEFRÅVER

Styret reknar arbeidsmiljøet i stiftinga som tilfredstillande. Det har ikkje vore sett i verk spesielle tiltak i driftsåret. Sjukefråværet har lege godt innanfor det normale. Ein har ikkje registrert skadar eller ulykker hjå dei tilsette i driftsåret.

LIKESTILLING

Det er i meldingsåret 7 kvinner og 7 menn tilsett ved Ole Bull Akademiet.

ANDRE TILHØVE

Styret har ikkje kjennskap til at stiftelsen er involvert i verksemd som medfører forureining av det ytre miljøet.

Voss, den 15. februar 2022

I styret for Stiftelsen Ole Bull Akademiet


Terje Steva
styrelslar


Irl Schau Johansen
nestelslar


Frode Thorsen
styremedlem


Magne Espeland
styremedlem


Sigbjørn Hauge
styremedlem


Håkon Ashelm
styremedlem

RESULTATREKNESKAP

Driftsinntekter	note	2021	2020
Inntekt av kursopphald		409 000	463 400
Tilskot frå Voss Kommune		125 000	145 000
Tilskot frå fylke		495 000	378 000
Tilskot frå UFD		2 839 000	2 780 000
Tilskot frå Kulturdepartementet		6 290 000	6 150 000
Diverse inntekter, tilskot, gåver		873 222	560 726
Sum driftsinntekter		11 031 222	10 477 126
Honorar innleigde tjenester	1	1 141 200	968 164
Lønn, feriepengar	1	4 913 641	4 536 073
Arbeidsgjevaravgift, sosiale kostnader	1	1 253 241	1 173 859
Avskrivningar	2	53 200	46 151
Husleiga	7	1 764 000	1 778 500
Læremidler, utstyr		106 134	57 368
Honorar rekneskap, revisjon		152 042	172 193
Kontorrekvisita, telefon, porto		99 150	88 211
Litteratur, musikk, instrument		39 636	20 832
Reise og møtekostnader		922 813	957 483
Bil- og diettgodtgjersle		49 630	29 893
Diverse kostnader		103 633	157 422
Annan driftskostnad		12 704	51 067
Sum driftskostnader		10 611 024	10 037 216
Driftsresultat		420 198	439 909
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		7 789	4 584
Annen finansinntekt		9 356	9 328
Rentekostnader		2 006	2 000
Sum finansinntekter		15 139	11 912
Årsresultat	6	435 337	451 821
Overføring			
Avsett til annan eigenkapital		435 337	451 821
Sum overføringar		435 337	451 821

BALANSE

Eigendelar	note	2021	2020
Anleggsmiddel			
Bilete-, bok- og notesamling		142 140	142 140
Instrument		37 000	54 000
Driftslausøyre, inventar og anna utstyr	2	129 000	128 000
Sum anleggsmidlar	2	308 140	324 140
Finansielle anleggsmiddel			
Investering i dottarselskap	7	6 000 000	6 000 000
Inntektsfond/premiefond		598	29 588
Sum finansielle anleggsmiddel		6 000 598	6 029 588
Sum anleggsmidlar		6 308 738	6 353 728
Omløpsmiddel			
Kundekrav		805 517	439 851
Andre kortsiktige krav		54 008	15 908
Bankinnskott		1 825 698	1 007 691
Sum omløpsmiddel		2 685 223	1 463 450
Sum eigendelar		8 993 961	7 817 178
Eigenkapital og gjeld			
		2021	2020
Innskoten eigenkapital			
Grunnkapital		501 427	501 427
Sum innskutt eigenkapital		501 427	501 427
Annen eigenkapital		6 416 576	5 981 239
Sum opptjent eigenkapital		6 416 576	5 981 239
Sum eigenkapital	8	6 918 003	6 482 666
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		268 743	102 194
Skuldig skattetrekk		247 718	232 044
Skuldig arbeidsgjevaravgift		232 867	230 360
Skuldig feriepengar og lønn		582 910	537 820
Gjeld til Kringsjå AS	7	339 067	40 281
Anna kortsiktig gjeld		404 654	191 813
Sum kortsiktig gjeld		2 075 958	1 334 512
Sum gjeld		2 075 958	1 334 512
Sum gjeld og eigenkapital		8 993 961	7 817 178


Voss, 15.02.2022

I styret for Stiftelsen Ole Bull Akademiet


Tril Schau Jøhansen
styremedlem


Terje Støve
Styreleiar


Frode Thorsen
Styremedlem


Magne Espeland
Styremedlem


Håkon Asheim
Styremedlem


Sigbjørn Hauge
styremedlem

NOTER TIL ÅRSREKNESKAP FOR 2021

Rekneskapsprinsipp

I årsrekneskapen er alle postar verdsett og periodiserte i samsvar med bestemmningane i rekneskapsloven og reglane som fylgjer av god rekneskapskikk.

Klassifisering

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk, og fordringar med forfall meir enn eitt år etter balansedagen er medteke som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Gjeld som forfell seinare enn eitt år etter rekneskapsperioden er ført opp som langsiktig gjeld. Alle fordringar og all gjeld tilknytt varekretsløpet er klassifisert som kortsiktige postar uavhengig av forfallstid.

Varige driftsmidlar og avskrivningar

Varige driftsmidlar er vurdert til historisk kostpris etter frådrag for bedriftsøkonomiske avskrivningar som er berekna på grunnlag av kostpris og antatt økonomisk levetid.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for vurdert avsetjing til forventa tap.

Aksjar

Aksjar er ført opp i rekneskapen til kostpris. I tilfelle verkeleg verdi er lågare enn kostpris – og dette ikkje er av forbigåande karakter, er det føreteke nedskrivning.

Skatt

Selskapet er skattefri institusjon etter skatteloven.

Driftsinntekter og driftskostnader

Inntektsføring skjer etter oppteningsprinsippet som normalt vil vera leveringstidspunktet for varer og tenester. Kostnader vert teke med etter samanstillingsprinsippet, dvs. i same periode som tilhøyrande inntekter blir tatt til inntekt.

NOTE 1: LØNSKOSTNADER OG YTINGAR

Lønskostnader	2021	2020
Honorar innleigde tenester	1 141 200	968 164
Lønn, feriepengar	4 913 641	4 536 073
Arbeidsgjevaravgift	797 602	763 704
Pensjonskostnader	381 370	349 332
Andre ytingar	74 270	60 823
Sum lønskostnader og ytingar	7 308 082	6 678 096

Økonomisk yting til Osafestivalen AS

Stiftelsen Ole Bull Akademiet har dekket lønnsutgifter for ansatte i Osafestivalen AS. Det er i denne sammenheng kostnadsført kr. 548 673 i rekneskapen til Stiftelsen Ole Bull Akademiet som gjelder lønskostnader i Osafestivalen AS. Dette beløpet er inkludert i sum lønskostnader og ytingar i tabellen overfor.

Årsverk

Stiftelsen har i 2021 sysselsett 8,5 årsverk.

NOTE 2: ANLEGGSMIDDEL

	Driftslausøyre, inventar o.l.	Instrument	EDB/ kontorutstyr	Sum
Innkjøpskost 01.01.21	649 267	393 118	238 662	1 281 046
+ Tilgang kjøpte anleggsmiddel	37 200			37 200
= Innkjøpskost 31.12.21	686 467	393 118	238 662	1 318 246
Akkumulerte avskrivningar 31.12.21	583 467	356 118	212 662	1 152 246
Bokført verdi 31.12.21	103 000	37 000	26 000	166 000
Ordinære avskrivningar dette året	26 200	17 000	10 000	53 200
Økonomisk levetid	4–10 år	8–10 år	4 år	

NOTE 3: KUNDEKRAV

	2021	2020
Kundefordringar	805 517	439 851
Opptent ikkje fakturert inntekt	0	0
Sum	805 517	439 851

NOTE 4: BANKINNSKOT

Midlar på skattetrekkkonto (bundne midlar) utgjer kr. 247 482 pr. 31.12. Samla bankinnskot pr.31.12.2021 som er Stiftelsen Ole Bull Akademiet sine eigne midlar ugjer kr. 1 825 698. Styret i Stiftelsen Ole Bull Akademiet forvaltar i tillegg desse fonda:

Fond

	31.12.2021	31.12.2020
Sigbjørn Bernhoft Osa sitt fond	124 145	124 014
Gudrun og Sigurd Haaheims fond	38 334	38 334
Liv og Knut Klemmetsens fond	12 434	12 420
Sum	174 913	174 768

NOTE 5: PANTSTILLELSAR

Kassekreditt i Voss Sparebank er sikra med pantobligasjonar i gnr.48 ,bnr.177 Kringsjå AS i Voss pål. kr. 2 500 000. Limit kassekreditt er kr. 200 000.

NOTE 6: EIGENKAPITAL

	Innskoten kapital	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital Per 01.01.2021	5 014 27	5 981 239	6 482 666
Årets resultat		435 337	435 337
Per 31.12.2021	5 014 27	6 416 576	6 918 003

NOTE 7: MELLOMVÆRE MED DOTTERSELSKAP

Fordringar pr. 31.12	2021	2020
Kringsjå AS	0	0
Osafestivalen AS	0	0
Sum	0	0

Gjeld pr. 31.12	2021	2020
Kringsjå AS	-339 067	-40 281
Osafestivalen AS	0	0
Sum	-339 067	-40 281

Husleiga (inkl.straum,avgifter mv.) til Kringsjå AS er i 2021 kostnadsført med kr. 1 764 000 i rekneskapen til Stiftelsen Ole Bull Akademiet. Inntektsfør husleige er kr. 1 764 000 i rekneskapen til Kringsjå AS.

I tillegg har Kringsjå AS overnattingsinntekter m.m. for studentar av Ole Bull Akademiet, slik som tidlegare år, denne aktiviteten kjem i tillegg.

Korona situasjonen har medført at overnattingsinntektene til Kringsjå AS har blitt redusert.

I rekneskapsåret 2021 er det såleis bokført kr. 600 000, som kostnad (erstatning til Kringsjå AS) i rekneskapen til Stiftelsen Ole Bull Akademiet. Tilsvarende er kr. 600 000 bokført som inntekt (erstatning ifrå Stiftelsen Ole Bull Akademiet) i rekneskapen til Kringsjå AS.

Sjå også note 1, «lønskostnader og ytingar», for informasjon om økonomisk yting til Osafestivalen AS.

Det vert med henvisning til reglane for små føretak ikkje utarbeida konsernrekneskap.

NOTE 8: TILSKOT TIL «FORPROSJEKT TIL NY VISNINGSVERKSTAD FOR HARDINGFELEMAKERI»

Det er i 2021 løyvd kr. 600 000 til Stiftelsen Ole Bull Akademiet ifrå Kulturdepartementet.

Tilskotet er eit eingongstilskot til «Forprosjekt ny visningsverkstad for hardingfelemakeri».

Det er i løpet av 2021 bokført kr. 233 441,50 i utgifter til dette prosjektet i rekneskapen til Stiftelsen Ole Bull Akademiet.

Utgiftene /kostpris kr. 233 441,50 er bokført/balanseført under grupperinga anleggsmidlar.

Utbetalt tilskot er bokført slik: Kr. 233 441,50 til fråtrekk i utgifter / kostpris (nettoføring).

Restbeløp som ikkje er nytta i løpet av 2021 er bokført under anna kortsiktig gjeld, sum kr. 366 558,50.



OLE BULL AKADEMIET

Boks 443, 5703 Voss

Tlf: 56 51 65 00

E-post: oba@olebull.no • www.olebull.no